

Vi søker Hordaland fylkeskommune om støtte på kr. 26.075 til ei markering den 5. november – i Litteraturhuset i Bergen – av at det i år er 150 år sidan biskop i Bjørgvin og nynorskforkjempar Peter Hognestad vart fødd.

Peter Hansson Hognestad vart fødd 12. november 1866 i Time og døydde 1. september 1931 i Bergen. Frå 1916 var han biskop i Bjørgvin bispedømme. Hognestad er blant anna kjend for å ha omsett jolesalmen *Det hev ei rosa sprunge* og salmane *Leid milde ljos* og *Fager kveldssol smiler*. Hognestad var svært oppteken av nynorsk, både allment og særleg som kyrkjespråk, salmespråk, bibelspråk.

Programmet vårt den 5. november i år er slik:

Kl. 15.00–16.00: Per Halse - om den nye Hognestad-biografien.

Kl. 16.00–17.00: Om bibelspråk - m/ panel der m.a. biskopen i Bjørgvin tek del

Kl. 17.00–18.00: Terje Aarset om Hognestad og song - m/ Sandviken kantori